

BOKN KOMMUNE

KOMMUNESTYRET

MØTEINNKALLING

Møtedato: 07.03.2017
Møtestad: Boknatun
Møtetid: Kl. 19:00

Før møtestart blir det informert om IKT/innbyggjardialog v/ IKT-sjef og kultursjef.

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

Bokn kommune
28. februar 2017

Tormod Våga
Ordførar

Jan Erik Nygaard
sekretær

Kjørereregler for Kommunestyret

1. Kleskoden skal være «pent antrukket».
2. Vi viser respekt og er høflege når vi snakkar med kvarandre. Vi skal be om ordet og ikkje avbryte kvarandre. Sak og person skal haldast frå kvarandre. Vi skal vere saklege og halde taletida. I debatt skal ein rette henvendingar/kommentarar til ordstyrar.
3. Om ein er ugild i einskildsaker fråtrer ein stolen. Ein kan bli i rommet, og opptre med respekt overfor handsaminga av saka.
4. Vi ynskjer å bli oppfatta som ansvarlege og engasjerte, seriøse og tydelege. Vi skal framstå som saklege og løysingsorienterte, pålitelege og inkluderande.
5. I ombudsrolla ynskjer vi å bli oppfatta som saklege, tilgjengelege og lojale mot avgjersler. Vi skal vere positive rollemodellar og gode talerøyr for innbyggjarane.
6. Vi gjer kvarandre gode som politikarar ved å gje positive tilbakemeldingar, har respekt, støttar og framsnakkar kvarandre.
7. Vi gjer administrasjonen god ved å gje konstruktive tilbakemeldingar og tydelege signal i saker. Vi skal vere tydelege i kva rolle vi har. God kommunikasjon skal ligge til grunn for dialogen.
8. Administrasjonen gjere oss gode ved å gje tilbakemeldingar og tydelege signal, vise til avgrensingar og mogelege val. Saksframstillingar skal vere faglege og informative. Administrasjonen skal vere tydelege i kva rolle dei har. God kommunikasjon skal ligge til grunn for dialogen.
9. Vi kan bli meir effektive i dialog med innbyggjarane ved å ha ei god og informativ heimeside som skal vere tilgjengeleg, samt å nytte sosiale medier for informasjon. Heimesida skal innehalde informasjon om viktige pågåande saker. Kommunen har ansvar for å dele informasjonen på offentlige arenaer.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
001/17	Godkjenning av møtebok frå møte 13.12.2016
002/17	Val av vara til felles forliksråd for Tysvær og Bokn kommune for perioden 2017 - 2020.
003/17	Startlån og tilskot 2017
004/17	Godtgjersle for møter i byggekomiteen for nye omsorgsbustader og for omstillingsutvalet i Bokn kommune
005/17	Digitaliseringsstrategi Bokn kommune
006/17	Godkjenning av selskapsavtale for Haugaland brann og redning IKS.
007/17	Ny eierstrategi Karmsund havn IKS.
008/17	Regionalplan for areal og transport - uttale frå Bokn.
009/17	Utviklingsplan for Haugesundregionen. Høring i kommunene.
010/17	Kontrollutvalet si årsmelding 2016
011/17	Administrasjonsutval - samansetning og reglement.
012/17	Endring av kommuneplan - finansiering.
013/17	Meldingssaker til kommunestyremøte 07.03.2017

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.03.2017	001/17	GRS

Saksansv.: Gro Sørensen	Arkiv: K1-033, K3- &17	Arkivsaknr: 17/13
	Objekt:	

Godkjenning av møtebok frå møte 13.12.2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.03.2017	002/17	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-033	Arkivsaknr
	Objekt:	16/44

Val av vara til felles forlikråd for Tysvær og Bokn kommune for perioden 2017 - 2020.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

19.12.2016 FORMANNSKAPET

FS-089/16 VEDTAK:

Formannskapet vedtok samrøystes å velge Kurt Jøsang til vararepresentant frå Bokn kommune til felles forlikråd for Tysvær kommune og Bokn kommune for perioden 2017 – 2020. Han erstattar tidligare vald varamedlem Ann Jeanett S. Olausen.

Kva saka gjeld:

Val av varamedlem til felles forliksråd Tysvær og Bokn kommune for perioden 2017 -2020.

Bakgrunn for saka:

Bokn kommunestyre i møte 15.11.2016 valde i sak 052/16 følgjande representantar til felles forliksråd for Tysvær kommune og Bokn kommune for perioden 2017 – 2020:

Sigrunn Hole Hosaas vart valgt som medlem

Ann Jeanette Olaussen vart valgt som varamedlem

Det må nå velgjast nytt varamedlem frå Bokn kommune til felles forliksråd for Tysvær og Bokn kommune grunna kjønnskvoeringsreglar. Bokn kommune må velgja eit mannleg varamedlem frå Bokn for perioden.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	24.01.2017	005/17	ABRN
Kommunestyret	07.03.2017	003/17	ABRN

Saksansv.: Anne Birgitte R. Nordgård	Arkiv: K1-251	Arkivsaknr
	Objekt:	16/637

Startlån og tilskot 2017

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	20.12.2016	Husbanken	Informasjonsbrev om startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing, aktiviteter og frister 2017

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Forskrift frå Husbanken om startlån
Kommunale retningslinjer for startlånordninga
Startlån og tilskot – søknads- og rapporteringsfristar for 2017

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommunestyre vedtar å ikkje ta opp Startlån frå husbanken i 2017 for vidare tildeling.

Bokn kommunestyre vedtar å søkje Husbanken om kr 1.000.000,- i tilskot

24.01.2017 FORMANNSKAPET

FS-005/17 VEDTAK:

Formannskapet rår til at Rådmannen sitt forslag vert vedtatt. Vedtaket var samrøysta.

Kva saka gjeld:

Søknad Innlån Startlån og søknad om tilskot

Bakgrunn for saka:

Husbanken har invitert kommunane til og oppta nytt innlån for utlån til startlånsøkarar for 2017 samt å søkje tilskot.

Saksutgreiing:

Bokn kommune har sidan Startlånordninga vart introdusert av Husbanken, hatt denne ordninga som eit tilbod til folk som bygger eller kjøper bustad. Retningslinjene for tildeling har endra seg. Der unge i etableringsfasen før var i målgruppa er dei no ikkje det lenger. Startlåna skal no ha ein tydligare sosial profil. Dei personane som langvarig vil ha problem med å finansiera ein bustad av ymse årsaker er no fremste målgruppe.

Husbanken oppmodar kommunane om å bruke dei forskjellige virkemidla til saman.

Kommunen har per i dag kr. 6.528.127,- til utlån av startlån og innvilga kr. 842.750,- som enda ikkje er utbetalt.

Kommunen har då per i dag kr. 5.685.377,- til startlån.

Tilskot

I byrjinga av 2016 hadde kommunen 50.300,- i tilskotsmidlar. Det er nå minus 2.048,- i tilskotsmidlar i januar 2017.

Tilskot til etablering er ei ordning som kan kombinerast med startlån for barnefamiljar med langvarige bustadfinansieringsproblem og for flykningar.

Tilskot til utbetring skal medverke til at personar med behov for tilpassa bustad får naudsynt finansiering for å tilpasse bustaden sin.

Vurdering:

Startlån har fungert bra i kommunen gjennom dei åra det har vert gitt. Per i dag har kommunen i overkant av 8 millionar i uteståande lån.

Som det går fram av saksutgreiinga er det ein god del midlar igjen til utdeling av Startlån. Med innstramma i kriteria vil færre søkjarar enn tidligare få Startlån. Behovet for innlån må vurderast i samanheng med utbyggingsplanar og også om det vil bli aktuelt å ta mot flyktningar.

Det er sannsynleg at behov for tilskot til tilpassing/utbetring vil auke som følge av ein aldrande befolkning.

Med så lite midlar igjen i høve til tilskotsordninga meiner ein at det bør søkjast om tildeling av tilskotsmidlar.



Kommuner

BOKN KOMMUNE	
Sak: 16/637-1	3910
Saksansv.: ABRM	U.Off §: ✓
Arkivkode: 251	Dato: 21.12.16

Informasjonsbrev om startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing i 2017

Kommunane sin aktive og gode bruk av dei personretta verkemidla bidrar til å stabilisere busituasjonen for vanskelegstilte, og å betre oppvekstvilkåra for barn som er i ein utsett situasjon. Husbanken takkar for ein viktig innsats og godt samarbeid i 2016. Vi ser fram til vidare samarbeid i 2017.

I dette brevet informerer vi om neste års mogelegheit til bruk av startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing, søknadsfrister og rutinar knytt til dette.

Aktivitetar og fristar i 2017

Aktivitet	Frist
Søknad om startlån og tilskot for vidaretildeling	31.01.2017
Årsrapportering på bruk av startlån, tilskot til etablering og tilpassing	10.02.2017
Rapportere utbetaling av startlån, tilskot til etablering og tilpassing	Kontinuerleg
Innsending av kommunen sine retningslinjer	Berre ved endring

Søknad for 2017

Søknad om startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing skal fyllast ut på same søknadsskjema. Dette skjemaet heter [HB 7.S.04 \(N\) - Søknad om startlån og tilskot for vidaretildeling](#).

Husbankens programkommunar skal i tillegg sende inn behovsmelding.

De sender søknadsskjemaet til post@husbanken.no, og treng ikkje å sende inn papirversjon når dykk sender søknaden på e-post.

Årsrapportering

I tillegg skal de senda inn ein samla årsrapport til Husbanken:

- Dei som saksbehandlar i StartSak og dei som enkeltrapporterer i StartRap skal sende årsrapport i StartRap.
- Alle skal rapportere på påslag, tapsfondet sin storleik og avkastning i StartRap.

Er du usikker på korleis du skal rapportere i StartRap, finn du informasjon om dette i rettleiaren [HB 7.C.19 – «Veileder for rapportering på startlån og tilskudd til tilpassing og etablering»](#).

Kontinuerleg rapportering

Utbetaling av startlån og tilskot til etablering og tilpassing skal de rapportere kontinuerleg gjennom StartSak og StartRap. Dei som ikkje brukar StartSak, skal rapportere kontinuerleg på avslag og utbetaling i StartRap. Rapporteringa gjeld for både startlån og tilskot. Om de ikkje rapporterer, kan det få konsekvens for neste års tildeling.

Vår kontaktperson

Besøksadresse
Torvgata 2
Bodø
post@husbanken.no

Sentralbord
22 96 16 00
www.husbanken.no

Kontonr.

Org.nr.
942 114 184



Endring av retningslinjer

Ein del kommunar har eigne retningslinjer for tildeling av startlån og tilskot. Dersom desse blir endra i 2017, må de sende den nye versjonen til Husbanken.

Kva er nytt i 2017?

Ny kategori ved rapportering av utbetalte startlån

Frå 1.1 2017 innfører vi ein ny kategori ved utbetaling av startlån. Den nye kategorien heiter «Sosiale forhold». Forskriften gir unntak for sparekravet og (ytterlegare) krav til langvarigheit for barnefamiljar og for husstandar med særlege helsemessige eller sosiale forhold. Ny kategori skal gjere det enklare å fange opp tal på husstandar som får startlån med bakgrunn i sosiale forhold.

Nytt saksbehandlingssystem for startlån og tilskot i 2017

I løpet av hausten 2017 vil ny saksbehandlingssystem bli lansert for alle kommunar. Denne vil gradvis ta over for StartSak. Fram til lansering av eit komplett system, vil alle saksbehandlarar få høve til å teste dei nye funksjonane etter kvart som dei blir ferdige. En liten del av kommunane har til no teke i bruk KS sitt FIKS-rammeverk for automatisk journalføring i eige saks/arkivsystem. Tilbakemelding frå desse er positive, og vi anbefaler fleire kommunar å tilretteleggje for dette. Det vil effektivisere arbeidet med saksbehandlinga.

Veiviser Bolig for velferd

Veiviseren.no er ein digital verktøykasse utvikla primært for kommunane. Mange har behov for samansette tenester. I Veiviseren har vi samla «alt på ein stad» innanfor bustad- og tenesteområde både på strategisk og operativt nivå. Veiviseren inneheld tema som: kommunal planlegging, busetting av vanskelegstilte, integrering, innovasjon, oppfylgjande tenester med meir. For saksbehandlar som jobbar med startlån og tilskot er prosessen «[Bidra til kjøp av bolig med startlån og ev. tilskudd](#)», særleg aktuell.

Husbanken tildeler startlån i to omgangar

De må søke om ynskt total låneramme for heile året innan fristen. De kan unntaksvis søke om startlånmidlar etter fristen. Tildeling føreset då at Husbanken har tilgjengelege midlar. Bevilga beløp blir overført kommunane i to tildelingar:

- Første tildeling består av 70% av tildelt ramme (80% for programkommunar). Vi har som mål at dette skal vere løyvd til kommunane seinast 1. mars 2017. Dersom alle søknadane frå kommunane totalt overstig Husbankens startlånramme for 2017, vil vi tildele ein del av det beløpet det er søkt om. Dei som søker om mindre enn 20 millionar får alt i éin tildeling.
- Andre tildeling består av resterande 30% av tildelt ramme (20% for programkommunar). Beløpet skal vere løyvd kommunane seinast 20. september 2017. Vi kontaktar kvar enkelt kommune i førekant for å avklare om de treng heile beløpet det er søkt om.

Antatt behov kan reknast ut gjennom å sjå på forbruk tidlegare på året, og ved å setje opp eigne prognosar for bruk av startlån resten av året.

Startlån og tilskot til etablering – føringar og prioriteringer

Startlån og tilskot til etablering skal bidra til at husstandar med langvarige bustadfinansieringsproblem skal kunne skaffe seg en eigna bustad og behalde den.

Prioriterte grupper er:

- Barnefamiljar med behov for eigna og stabil busituasjon skal utgjere minst 50% av totalt tal på husstandar som får startlån og tilskot til etablering.

- Personar som bur i kommunal bustad, spesielt flyktningar med (mogelegheit for) stabil inntekt.
- Personar som står i fare for å miste bustaden og som klarar å behalde bustaden ved refinansiering.
- Personar med låg, men stabil og føreseieleg inntekt, som ikkje har mogelegheit for å spare opp eigenkapital.

For å nytte ut potensialet i ordningane er det viktig å sjå startlån og tilskot til etablering i samanheng. Behovet for tilskot kan reduserast ved tilbod om fast rente og 50-års nedbetalingstid på startlånet. Slik kan den totale tilskotspotten hjelpe fleire vanskelegstilte husstandar.

Ved fordeling av midlar prioriterer Husbanken kommunar som deltek i Husbankens bustadprogram og kommunar med dei største bustadsosiale utfordringane. Ubrukte midlar og effekt ved heilskapleg verkemiddelbruk blir òg vektlagt.

Tilskot til tilpassing – føringar og prioriteringar

Tilskotet skal bidra til at personer med behov for tilpassa bustad får nødvendig finansiering. Det skal også bidra til å auke tilgjenge i bustadmassen. Ved tildeling av tilskot i 2017 gjeld desse prioriteringane:

1. Minst 40 prosent av tilsegna skal gå til familiar som har barn med funksjonshemming, som i tillegg har behov for tilpassing av bustaden.
2. Husstandar med behov for tilpassing og svak økonomi.
3. Husstandar med behov for tilpassing og normal/god økonomi.
4. Husstandar som ynskjer å tilrettelegge for framtidige behov for tilpassing.

Høve til å overføre mellom tilskotsordningane

Kommunane kan overføre tilskotsmidler for 2016 og 2017 mellom rammene for tilskot til etablering og tilskot til tilpassing. Dette gir kommunane større handlingsrom og fleksibilitet.

Middel til tapsfond?

Tapsfond skal sikre kommunen mot økonomiske tap på startlån. Etter søknad frå kommunen kan Husbanken unntaksvis gi løyve til søknad om å setje av tildelt tilskot til etablering i tapsfond. Kommunar som ikkje tek i mot tilskotssmidlar i 2017, kan òg søkje om å få setje av midlar i tapsfond. Søknad om dette kan sendast til det regionale kontoret i Husbanken. Det er ikkje utarbeidd eige søknadsskjema for denne ordninga.

Meir informasjon i [Retningslinjer om tapsdeling, tapsfond og administrering av startlån](#).

Utbetaling

Tilskot blir utbetalt kontinuerleg etter tildelinga. Startlån blir utbetalt etter at Husbanken har motteke underskrive låneavtale, kommunestyrevedtak og eventuelt fylkesmannen si godkjenning.

Kunngjering

Ordninga skal kunngjerast i lokalaviser og på kommunen sine nettsider, slik at dei blir gjort kjent for kommunen sine innbyggjarar. Dette gjeld òg startlån, slik at denne ordninga blir betre kjent.

Med helsing
HUSBANKEN

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.02.2017	016/17	JEN
Kommunestyret	07.03.2017	004/17	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-082 Objekt:	Arkivsaknr 17/145
-----------------------------	--------------------------	----------------------

Godtgjersle for møter i byggekomiteen for nye omsorgsbustader og for omstillingsutvalet i Bokn kommune

Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommunestyre vedtek at det vert utbetalt ei møtegodtgjersle på kr. 300,- pr. møte i Byggekomiteen for nye omsorgsbustader for medlemane og kommunalsjef tenester.
2. Kommunestyre vedtek at det vert utbetalt ei møtegodtgjersle på kr 300,- pr. møte i Omstillingsutvalet for medlemmar, ordførar, varaordførar og rådmann.
3. Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste blir utbetalt etter kommunen sitt regelverk for møtegodtgjersler for politiske valde i dei tilfella møte blir held i møtedeltakerane si ordinære arbeidstid og etter dokumentasjon frå arbeidsgjevar om trekk i løn.

Boknatun, 13. februar 2017

Jan Erik Nygaard
Rådmann

Gro A. Sørensen
leiar i servicetorget

21.02.2017 FORMANNSKAPET

FS-016/17 VEDTAK:

Eit samrøysta Formannskap rår til at rådmannen sitt vedtak vert vedtatt.

Kva saka gjeld:

Møtegodtgjersle for møter i ad-hoc utval som Byggekomiteen for nye omsorgsbustader og for Omstillingsutvalet i Bokn kommune.

Bakgrunn for saka:

Etter kommunen sine reglar for møtegodtgjersle må det gjerast særskilt vedtak om det skal utbetalast møtegodtgjersle for møter i adhoc-utval som for eksempel Byggekomiteen for nye omsorgsbustader og nyoppretta Omstillingsutval i Bokn kommune.

Saksutgreiing:

Møtegodtgjersle for formannskapet er kr. 600,- pr. møte, forvaltningsstyret har kr. 550,- og andre utval som kontrollutvalet har kr. 300,- pr. møte.

Arbeidet i Byggekomiteen for omsorgsbustader har så langt vore omfattande, og ein har hatt fleire møter også før ekstern Prosjektleder blei tilsett og fram til nå. Møta er som oftast lagt til dagtid.

Det er òg grunn til å tru at det vil bli mange møter vidare, inntil ombygging og påbygging er ferdigstilt.

Omstillingsutvalet i Bokn kommune er oppretta 24.01.2017 av formannskapet og skal starte sine møter i snarleg framtid. Tidspunkt for møta er ikkje avklart, om det skal skje på dagtid eller kveld. Uansett vil også utvalet sitt arbeid bli omfattande.

I dei tilfella deltakerane møter på dagtid i desse utvala kan det resultere i at deira arbeidsgjevarar trekk deltakerane i løn. Ein må i desse tilfella kunne betale erstatning for tapt arbeidsforteneste etter dei reglane som er skrevet i Bokn kommune sitt reglement for møtegodtgjersler.

Vurdering:

Rådmannen vil rå til at det blir utbetalt ei møtegodtgjersle på kr. 300,- pr. møte både for medlemmane i dei to utvala og sekretariat, og for ordførar, varaordørar og rådmann der dei møter.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	24.01.2017	006/17	SMG
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	21.02.2017	006/17	SMG
Kommunestyret	07.03.2017	005/17	SMG

Saksansv.: Stein Magnar Askeland-Gjerde	Arkiv: K1-031	Arkivsaknr
	Objekt:	17/32

Digitaliseringsstrategi Bokn kommune

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	N	13.01.2017	Rådmann - Jan Erik Nygaard	Digitaliseringsstrategi Bokn kommune

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Digitaliseringsstrategi for Bokn kommune blir vedteken av formannskapet og kommunestyret og skal rullerast årleg saman med økonomiplanen.

21.02.2017 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA

SB-006/17 VEDTAK:

Seniorrådet tek Digitaliseringsstrategien til etterretning.

24.01.2017 FORMANNSKAPET

FS-006/17 VEDTAK:

Rådmannen sitt forslag vart samrøysta vedtatt.

Kva saka gjeld:

Det er viktig for ein kommune å ha ein digitaliseringsstrategi. Målet med ein slik strategi er å legge til rette for auka bruk av teknologi for å betre dialog men egne innbyggjarar, næringsliv og samfunnet elles. I tillegg skal auka bruk av teknologi føre til meir effektive og betre arbeidsprosessar med høgare kvalitet i organisasjonen.

Bakgrunn for saka:

I Bokn kommune ser administrasjonen behovet for ein overordna plan for digitalisering som eit styringsdokument for handlingsplanar knytt til fokusområda i strategien. Desse er *1) digital dialog og sjølvbetening med fokus på innbyggjar og næringsliv, 2) kompetanse og strategisk bruk av IKT, 3) arkiv og dokumenthandsaming, 4) personvern og informasjonstryggleik og 5) arkitektur og standardisering.*

Digitaliseringsstrategien for Bokn kommune byggjer på «Digitaliseringsstrategi 2013-2016 for kommuner og fylkeskommuner»¹ utarbeida av KS som igjen byggjer på Meld.St.27 Melding til Stortinget «Digital Agenda for Norge. IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet.»²

Saksutgreiing:

Framlegg til digitaliseringsstrategi ligg ved saka. Dokumentet er utarbeidd med tanke på vidare arbeid med handlingsplanar for dei enkelte fokusområda. Det kan også vere slik at fokusområda blir særskilt vekta i andre handlingsplanar som kommune utarbeider heller enn i eigen handlingsplan. Fokusområde 2 kan vere eit døme på dette, kompetanseplanar for dei ulike einingane i kommunen skal ivareta og legge til rette for auka kompetanse om digitalisering.

Vurdering:


Digitaliseringsstrategien kan bli vedteken slik den ligg no. KS kjem med ein fornya versjon i løpet av våren 2017. Dette kan medføre endringar i strategien i løpet av 2017. Digitalisering er eit tema som er i dynamisk utvikling, det skjer gjerne mykje på kort tid. Derfor vil det vere viktig med ei årleg rullering av strategien dei første åra.

¹ <http://www.ks.no/contentassets/e7f699792add4068aaedcb25a97ff56a/ks-digitaliseringsstrategi.pdf>

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-27-20152016/id2483795/>

A dark blue vertical bar on the left side of the page, with a bright blue arrow pointing to the right, overlapping it.

DIGITALISERINGSSTRATEGI
BOKN KOMMUNE
PERIODE 2017-2020



Innhald

Innleiing	1
Føresetnadar for arbeidet med digitalisering.....	3
Digital dialog og sjølvbetening med fokus på innbyggjar og næringsliv.....	4
Viktig for Bokn kommune:	4
Kompetanse og strategisk bruk av IKT.....	4
Viktig for Bokn kommune:	4
Arkiv og dokumenthandsaming.....	4
Viktig for Bokn kommune:	4
Personvern og informasjonstryggleik.....	4
Viktig for Bokn kommune:	4
Arkitektur og standardisering.....	5
Viktig for Bokn kommune:	5

Innleiing

Bokn kommune har i dag eit stort samfunnsansvar i høve til eigne innbyggjarar, næringsliv, tilsette og storsamfunnet.

- Kommunen skal ta i mot og gjere informasjon tilgjengeleg for publikum slik at dei skal kunne delta i lokaldemokratiet og føle seg sikre på at informasjon som kommunen har om dei bli handsama på ein trygg måte og at denne informasjonen er mest mogeleg oppdatert og korrekt
- Kommunen skal kunne kommuniserer digitalt med innbyggjarar og næringsliv.
- Næringslivet skal kunne finne relevant informasjon om kommunen digitalt som dekker deira behov i t.d. planarbeid, eiga etablering eller tenesteyting
- Kommunen ønskjer at tilsette skal ha tilgang til digital informasjon for å kunne tilby og utvikle gode tenester til innbyggjarane.

Samla sett betyr dette at Bokn kommune må arbeide på alle nivå for at innbyggjarar, tilsette og næringsliv skal føretrekke å bruke digitale verktøy og tenester framfor meir tradisjonelle val. Dette målet ligg til grunn for kommunen sitt arbeid med ein strategi for auka digitalisering.

DIGITALISERINGSSTRATEGI				
Forankring	Mål	Innsatsområde	Strategiar	Resultat
Kjelt på Bokn Vedtaki i politisk organ	Digital teknologi tatt i bruk av innbyggjarar og næringsliv	Digital dialog med fokus på innbyggerane og næringsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Gjenbruk • Universell utforming • Klart språk • Informasjon og dialog 	Forbetra digitalisering av dialog og tenesteyting
	Meir effektive arbeidsprosessar for tilsette	Kompetanse og strategisk bruk av IKT	<ul style="list-style-type: none"> • Kompetanseheving for tilsette • Samarbeid på tvers • Krav til leverandørar • Leiarutvikling 	
		Digital arbeidsflyt	<ul style="list-style-type: none"> • Auka digitalisering av arbeidsprosessar • Sikker dokumentfangst • Innsynsrett • Tilgang til digital informasjon • Samhandling mellom system • Oversyn og strategisk tenking 	
		Personvern og informasjons-tryggleik	<ul style="list-style-type: none"> • Open kommune • Sikre personvern og informasjonstryggleik • Sikker pålogging til kommunale tenester • Risiko- og sårbarheitsvurdering • Internkontroll 	
		Arkitektur og standardisering	<ul style="list-style-type: none"> • Nasjonale standardar • Intern datautveksling • Kompetent driftsmiljø • Eksterne partnerar • Regionalt samarbeid 	

Føresetnadar for arbeidet med digitalisering

Denne strategien er eit overordna dokument som gjeld for alle tenesteområda. Det er særst viktig at alle tilsette på alle nivå i organisasjonen har med seg innsatsområda med dei tilhøyrande strategiane i det dagleg arbeidet med å gjere Bokn kommune endå betre på digitalisering av tenester og dei tilsette sine eigne arbeidsprosessar. Derfor er det viktig å peike på nokre spesielle ansvarsområder for å sikre at planen blir følgt opp i kommunen:

- **Kommunestyret** vedtek strategien og rullerer den saman med økonomiplanen
- **Rådmannen** har ansvaret for at strategien blir utvikla og gjennomført ved å:
 - rapportere status til politisk leiing
 - sikre økonomisk handlingsrom for at digitalisering kan prioriterast i nye prosjekt
 - sørge for at strategien blir tatt omsyn til i alle større arbeid som kommunen startar opp
 - sørge for at krava til personvern og informasjonstryggleik blir ivareteke i samarbeid med informasjonstryggleiksansvarleg
- **Kommunalsjefar** har ansvaret for:
 - at det kontinuerlig blir tatt omsyn til arbeidet med digitalisering i dei ulike einingane dei har ansvaret for
 - at nye system tek omsyn til måla for digitaliseringsarbeidet
 - at nye system blir drøfta med IT-avdelinga før ein går til innkjøp av slike
 - å sikre samordning med andre prosjekt dersom andre tenesteområder kan ha tilsvarande behov
- **IT-avdelinga** har ansvaret for å:
 - tilby og utvikle teknisk infrastruktur som kan fasilitere digitalisering
 - initiere dialog med eksterne partnerar om digitale løysingar
 - legge til rette og drifte systema
 - gi råd om personvern og informasjonstryggleik

Strategien har fem fokusområder som blir behandla under. Desse fokusområda kan vere utgangspunkt for eigne handlingsplanar. Det kan også vere aktuelt å samle fleire av områda i ein handlingsplan eller drøfte ulike fokusområde i einingane sine individuelle handlingsplanar, t.d. planar for kompetanseutvikling.

Digital dialog og sjølvbetening med fokus på innbyggjar og næringsliv

Viktig for Bokn kommune:

- Gjenbruk og automatisering av informasjon i kommunen sine digitale system
- Universell utforming av nettsider og sjølvbeteningsmodular
- Klart språk i all kommunal kommunikasjon
- Sosiale media skal brukast til å spreie informasjon og invitere til dialog

Kompetanse og strategisk bruk av IKT

Viktig for Bokn kommune:

- Utvikle og effektivisere sakshandsaming og tenesteyting gjennom kompetanseheving i organisasjonen
- Samarbeid mellom leiing, fagtilsette og IT-avdelinga ved bestilling av nye digitale verktøy og tenester
- Kompetanseheving blant tilsette på eksisterande og nye digitale verktøy og tenester
- Stille klare krav til leverandørar av digitale verktøy og tenester
- Utvikle leiarar som har god kompetanse på samanhengen mellom bruk av teknologi og tenesteproduksjon for å yte gode tenester og realisere gevinstar

Arkiv og dokumenthandsaming

Viktig for Bokn kommune:

- Fokus på auka digitalisering av kommunen sine arbeidsprosessar ved innkjøp av nye system og i eksisterande system
- Sikre dokumentfangst slik at alt arkivverdige materiale blir arkivert i tråd med gjeldande lovar
- Sikre innsynsretten for publikum
- Innbyggjar, næringsliv og tilsette skal ha tilgang til relevant digital informasjon i arbeidsprosessar
- Kommunale IT- system skal samhandle med kvarandre og relevante offentlege system så langt råd er
- Kommunen skal ha godt oversyn over eigne IT-system og planlegge strategisk med tanke på at vedlikehald og utskifting skal fremje digitalisering

Personvern og informasjonstryggleik

Viktig for Bokn kommune:

- Vere ein open kommune som legg til rette for trygg digitalisering av informasjon og arbeidsprosessar
- Oppretthalde og vidareutvikle krav til personvern og informasjonstryggleik i digitaliseringsarbeidet
- Overhalde teieplikt i alle digitale løysingar og tenester
- Bruke sikker pålogging til kommunale tenester som krev at innbyggjar gjer frå seg personopplysningar slik at digitale løysingar kan vere eit førsteval i kommunikasjon med kommunen
- Gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar når nye digitale løysingar eller tenester skal takast i bruk
- Bruke internkontroll som reiskap for å sikre trygge digitale løysingar og tenester

- Ha eit reglement for bruk av sosiale media i dialog med innbyggjar som sikrar kvalitet på den digitale dialogen

Arkitektur og standardisering

Viktig for Bokn kommune:

- Bruke nasjonale standardar og tilrådingar for IT-systema som skal sikre flyt av informasjon mellom dei ulike fagsystema kommunen bruker og utvekslar informasjon med
- Sikre at ulike kommunale system kan utveksle data mellom kvarandre, noko som sikrar heilskapleg og oppdatert digital informasjon på tvers av forvaltningsnivå
- Kommune kan velje å setje ut driftsoppgåver til eksterne partnerar, t.d. skytenester, dersom desse er vurdert med tanke på risiko og sårbarheit.
- Kommunen skal ha eit kompetent driftsmiljø som samarbeider med eksterne partnerar
- Kommunen søker aktivt interkommunalt eller regionalt samarbeid knytt til digitalisering av kommunale oppgåver.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	24.01.2017	007/17	JEN
Formannskapet	21.02.2017	018/17	JEN
Kommunestyret	07.03.2017	006/17	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-026, K2-M81, K3-&01 Objekt:	Arkivsaknr 17/76
------------------------------------	--	----------------------------

Godkjenning av selskapsavtale for Haugaland brann og redning IKS.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	17.01.2017	Elling Hetland	Referat frå møte og justert saksframlegg

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune godkjenner selskapsavtalen for Haugaland brann og redning IKS slik den ligg føre.

Det vert inngått ein eigen avtale med vertskommunen for hovudbrannstasjonen, der også dekning av tomtekostnadane for sjølve hovudbrannstasjonen inngår, når lokaliseringa av denne er bestemt.

Boknatun, 17. januar 2016

Jan Erik Nygaard
rådmann

24.01.2017 FORMANNSKAPET

FS-007/17 VEDTAK:

Eit samrøysta formannskap rår til at Rådmannen sitt forslag til vedtak vert vedtatt.

21.02.2017.Nye opplysningar i saka

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune godkjenner selskapsavtalen for Haugaland brann og redning IKS slik den ligg føre.

Det vert inngått ein eigen avtale med vertskommunen for hovudbrannstasjonen, der også dekning av tomteknadane for sjølve hovudbrannstasjonen inngår, når lokaliseringa av denne er bestemt.

Kommunestyret legg til grunn at selskapet utarbeider ei meir detaljert og konkret beredskapsanalyse med basis i gjennomført ROS-analyse og prosjektrapport datert 02.10.2015. Ved etablering av ny hovudbrannstasjon og ny stasjon på Karmøy si øyside, etter nedlegging av eksisterande stasjonar på Bø, Vormedal, Åkra og i Kopervik, vil rammene for selskapet si beredskapsplanlegging kunne endrast. Selskapsavtalen § 2.6 utgår frå dette tidspunktet og seinast innan 2021.

Boknatun, 14.02.2016

Jan Erik Nygaard
rådmann

21.02.2017 FORMANNSKAPET

FS-018/17 VEDTAK:

Eit samrøysta formannskap rår til at Rådmannen sitt forslag til vedtak vert vedtatt.

Kva saka gjeld:

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

- Brann og eksplosjonslova
- Dimensjoneringsforskrifta
- Lov om interkommunale selskap (IKS-lova)

Kommunane Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord har i saker 1. halvår 2016 slutta seg til opprettinga av interkommunalt brannvesen for Haugalandet og Indre Ryfylke.

I denne saka låg det også ved utkast til selskapsavtale, som grunnlag for etablering av selskapet. Det var ikkje lagt opp til godkjenning av selskapsavtalen, då det var trong for ein ekstra gjennomgang av enkelte punkt i avtalen.

Ordførarane og rådmennene i deltakarkommunane drøfta i møte 1. september 2016 vidare framdrift for å etablere selskapet. Det vart bestemt at ordførarane fungerer som styringsgruppe og rådmennene fungerer som arbeidsgruppe i dette arbeidet. Rådmennene fekk slikt mandat:

- 1. Utarbeide forslag til selskapsavtale - innen 16.12.2016 (vedtas av by-/kommunestyrene på nyåret 2017)*
- 2. Fullmakt til å leie inn nødvendig ekstern kompetanse ved behov*
- 3. Utarbeide fremdriftsplan for oppstart/selskapsopptak innen 01.10.2017*

Rådmennene har valt å supplere arbeidsgruppa med to tillitsvalde. Tor-Petter Alfredsen og Wendy Kvernøy Nilsen har deltatt i arbeidet som tillitsvalde. Mette Ask har deltatt på eitt møte i staden for Wendy Kvernøy Nilsen.

Elling Hetland er engasjert i arbeidet med gjennomføring av mandatet på vegne av rådmennene.

Gruppa av rådmenn og tillitsvalde har behandla selskapsavtalen og framdriftsplanen i 2 møte.

Selskapsavtalen

Arbeidsgruppa har gjennomgått selskapsavtalen som låg ved saka som kommunane behandla 1. halvår 2016. Dei føreslegne endringane er i forhold til det utkastet. Fleire punkt i avtalen er vurdert, men i denne saka er berre dei punkta i avtalen som er endra kommentert.

§ 1-1 Namn

Arbeidsnamnet for selskapet har gjennom prosjektet vore Haugaland brann og redning IKS. Alternativ til dette namnet er drøfta og vurdert. Namnet gir eit godt bilete av selskapet sin geografiske plassering, arbeidsområde og oppgåver og er vidareført i avtalen.

§ 1-2 Hovudkontor

Lokalisering av hovudbrannstasjonen er i ROS-analysen vurdert ut frå risikobiletet og forskriftskrav til innsatstid. Det resulterte i 6 ulike alternativ til plassering, alle i grenseområdet mellom Haugesund og Karmøy. Selskapet må avklare endeleg plassering og inngå avtale med den aktuelle kommunen om oppføring av ny hovudbrannstasjon.

Selskapets hovudkontor skal lokalisert til den nye hovudbrannstasjonen. Selskapet må ha ei forretningsadresse for å bli registrert i Føretaksregisteret. Det er også eit krav ifølgje Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) at det i selskapsavtalen går fram kva kommune selskapet ligg i. Inntil tomt er valt og det er avklart kva kommune som skal bygge ny hovudbrannstasjon, er det føreslått at selskapets forretningsadresse blir Haugesund kommune, utan at dette gjev noko føring på framtidig plassering av hovudbrannstasjonen.

§ 1-3 Formål

Oppretting av eventuelle dotterselskap skal vedtakast av selskapets representantskap, jf. selskapsavtalen § 4-2. Oppretting av dotterselskap treng difor ikkje stå i formålsparagrafen, som ein del av formålet med selskapet, og er difor tatt bort.

§ 2-1 Innskotsplikt for deltakarane

Tinginnskot/kapitalinnskot

Deltakarkommunane går inn i selskapet med eit innskotspliktig beløp som tilsvarar den bokførte verdien av utstyr, inventar, dataprogram, materiell, køyretøy og liknande som kva av kommunane er eigarar av / disponerer på etableringstidspunktet. Kommunane har 4 år på seg til å eventuelt oppfylla andre offentlegrettslege krav som ved etablering av selskapet ikkje er oppfylt. Dette tilskotet blir også rekna som ein del av tinginnskotet. Fleire kommunar har i 2016 investert i nytt utstyr, køyretøy og anna, som skal overførast selskapet som ein del av tinginnskotet, men som ikkje er bokført i balansen pr. 31.12.15.

Tinginnskot/kapitalinnskot påverkar ikkje eigardeler i selskapet eller framtidig fordeling mellom kommunane i forhold til dekking av utgifter, men blir det nye selskapet sin oppstartsbalanse og må takast ut av eigarkommunane sin balanse.

Selskapskapitalen

Selskapskapitalen er samla på kr 5,0 mill. kr. Den enkelte kommune tilfører sin del av selskapskapitalen ut frå folketalet pr. 1.1. 2016.

Eigardel og ansvarsfordeling

Selskapsavtalen er oppdaterte med folketal pr. 1.1. 2016 og fordelinga mellom kommunane byggjer på desse tala.

§ 2-3 Årleg driftstilskot

Harmoniseringsmodellen byggjer på folketal og netto kostnader til brannvesen for den enkelte kommune. Netto kostnader er korrigert for ulik føring av pensjonskostnader, avskrivningar og ekstraordinære kostnader og inntekter, for å få mest mogleg samanliknbare tal kommunane mellom. For Etne kommune sin del er i tillegg tala for 2012 – 2014 korrigert for kostnader kommunen har hatt til Vindafjord med felles brannvesen, som var trekt ut i oppsettet som var brukt sist, noko som gav for låge tall for Etne kommune og påverka fordelinga mellom kommunane. Gjennomsnittet av folketalet i kommunane pr. 1.1. 2016 og

gjennomsnittlege nettokostnader til brannvesen for åra 2012 – 2015 er i selskapsavtalen nytta for å få fram den enkelte kommune sin prosentvise del av det samla årlege driftstilskotet til selskapet. Etter ein overgangsperiode på 4 år blir berre folketalet i kommunane nytta som fordelingsgrunnlag.

§ 2-5 Eigarskap og drift av brannstasjonane
I paragrafen er 9., 10. og 11. ledd tatt bort.

9. og 10. ledd:

«I leieavtalen mellom kommunen og selskapet skal det klart fremgå hva som gjelder hovedbrannstasjonen og hva som gjelder kommunenes brannstasjonsstruktur.

«Dette for å kunne skille ut eventuelle særkrav som disse kommunene har stilt jfr. § 2-4 og skal betale for alene.»

Grunngjevinga for at 9. og 10. ledd er tatt bort, er at dette vil gjelde alle brannstasjonane i kommunane der det er sambruk med andre kommunale oppgåver, og ikkje berre for hovudbrannstasjonen. Avtalane mellom selskapet og kommunane må regulere dette både for hovudbrannstasjon og brannstasjonane.

Det må likevel presiserast at for ny hovudbrannstasjon må det inngåast særskilt avtale med vertskommunen, når lokaliseringa av denne er bestemt. Bygget skal både sikra samlokalisering av selskapet sin administrasjon for alle kommunane og dekke vedtekne beredskapsbehov som ligg til grunn for brannstasjonsstrukturen for kommunane på Ytre Haugalandet. Brannstasjonane på Bø, Vormedal og Haugesund vert lagt ned samtidig med at ny hovudbrannstasjon vert teken i bruk. Det er difor rimeleg at for hovudbrannstasjonen går også dekning av kostnadar til tomtekjøp og klargjering av tomt inn i grunnlaget, som skal dekkast av selskapet.

11. ledd:

Brannstasjonsstrukturen forøvrig opprettholdes som i dag.

Som grunngjevinga for å ta bort 11. ledd vert det vist til selskapsavtalens §§ 2-5 og 2-6, som viser til vedtatt brannstasjonsstruktur i ROS-analysen og eventuelle endringar i denne.

Etablering av selskapet - framdriftsplan

Nokre sentrale element som må på plass i en framdriftsplan for at selskapet skal vera etablert innan 01.10.2017:

- Selskapsavtalen må vedtakast i kommunane på første by-/kommunestyremøte i 2017
- Representantskapet oppnemner valkomité, jfr selskapsavtalen § 3-3
- Valkomiteén legg fram forslag til styre, jfr § 3-2 kriterium for styresamansetting (breidde i kompetanse, kjønnsbalanse, samtidig som deltakarkommunane sine interesser vert ivaretatt.
- Representantskapet vel styre.
- Styret startar omgåande tilsettingsprosess (rekrutteringsfirma) og tilset dagleg leiar.

- Selskapet må registrerast i Føretaksregisteret (samordna registermelding, inkl. mva-registrering og registrering i Aa-registeret).
- Dagleg leiar rekrutterer si leiargruppe.

Framdriftsplan for etablering av selskapet:

AKTIVITET	START	SLUTT	NOTAT
Milepæl 1	20.09.2016	30.11.2016	Selskapsavtale og framdriftsplan klar for utsending
Milepæl 2	16.01.2017	10.03.2017	Kommunane vedtar selskapsavtalen
Milepæl 3		16.01.2017	Representantskapet oppnemner valkomité
Milepæl 4		10.03.2017	Representantskapet vel styre
Milepæl 5	10.03.2017	16.06.2017	Styret rekrutterer dagleg leiar og registrerer selskapet
Milepæl 6		30.09.2017	Dagleg leiar har rekruttert si leiargruppe
Milepæl 7	01.10.2017		Selskapet med dagleg leiing er formelt etablert

Datoane kan evt. tilpassast avtalte møtepunkt, - det er det ikkje tatt høgde for i oppsettet.

I framdriftsplan over, - for å spare tid -, er det lagt opp til at nokre aktivitetar skjer før selskapsavtalen er endeleg vedtatt i alle kommunane. Etableringa av selskapet med dagleg leiing innan 01.10.2017 er likevel et stramt løp, særleg viss dagleg leiar har oppseiingstid og ikkje kan slutte før denne er ute.

Fleire aktivitetar må setjast i verk av styre og dagleg leiar snarast etter etablering. Enkelte av desse oppgåvene følger av lova, medan andre følger av normal forretningsdrift og som oppfølging av prosjektgruppa sine forslag, m.a. utarbeidd omstillingsstrategi for selskapet. Det vil som oftast vera fornuftig at det vert utarbeidd ein detaljert arbeids- og tidsplan for dette:

- Deltakarkommunane og selskapet skal kartlegge kompetansen hos mannskapa på etableringstidspunktet
- Organisasjonsplan for selskapet
- Retningsliner og prinsipp for omplassering ved overtal
- Utarbeiding av bemannings- og vaktplanar
- Innbemanning av tilsette
- Avklara pensjons- og forsikringsforhold for tilsette, - val av pensjonsleverandør
- Avklara medlemskap i arbeidsgivarorganisasjon og forholdet til tariffavtaler
- Avklara forsikringsavtaler for selskapet si verksemd
- Fastslå standard/definisjon for sjølvkostprinsippet for bygningar
- Etablere avtalar med kommunane om disponering av bygningar
- Utarbeida budsjett og årsplan
- Gjennomgang / etablering av IKT-system
- Utarbeida eventuelle styringsdokument / instruksar som f.eks.:

- Instruks for styret
- Instruks for dagleg leiar
- Instruks for valkomiteen
- Utarbeida arbeidsreglement / personalhandbok/rekrutteringsstrategi
- Utarbeida arbeidsrutinar og system
- Utarbeida visuell profil, heimeside m.v.
- Etablering av eigen kompetanseavdeling
- Avklara tomt for ny hovudbrannstasjon

Eigarstrategi

Eigarane sine forventningar til og samspelet med selskapet bør utformast og presiserast med bakgrunn i selskapsavtalen. Dette kan gjerast gjennom utarbeiding av ein eigen felles eigarstrategi, slik det er gjort for eks Karmsund Havn IKS eller Rogaland brann og redning IKS. Det kan vera ein styrke for styret og dagleg leiar at eigarstrategien blir utarbeida og vedtatt i kommunane så tidleg som mogleg, gjerne parallelt med styret sitt arbeid med å rekruttera dagleg leiar. Eigarstrategien kan eventuelt erstatta nokre andre styringsdokument, som instruks til valkomité og styre, forvaltning og drift av bygningsmassen, føringar for god økonomistyring og samspelet mellom kommunane og selskapet i budsjettprosessen.

Styringsgruppa behandla selskapsavtalen og framdriftsplanen i møte 16.12.16 med slikt vedtak:

1. *Styringsgruppen tar gjennomgangen av selskapsavtalen og forslag til fremdriftsplan til etterretning.*
2. *Styringsgruppen konstituerer representantskapet i selskapet og oppnevner valgkomité parallelt med at kommunene behandler selskapsavtalen, slik fremdriftsplanen legger opp til.*
3. *Styringsgruppen ber rådmennene starte arbeidet med eierstrategi parallelt med etableringen av selskapet, slik at denne kan behandles i kommunene i løpet av 1. halvår 2017.*

Vurdering

Dei føreslåtte endringane i selskapsavtalen, med forklaring og grunngjeving i forhold til utkastet som låg ved saka som kommunen behandla 1. halvår 2016, går fram av saksutgreiinga.

Det kan nemnast at folketalet pr. 01.01.16 er lagt til grunn i alle fordelingane mellom kommunane. For harmoniseringsmodellen er rekneskapstal for 2015 tatt med i tillegg til tala for 2012 – 2014, slik at middeltala for 2012 – 2015 er brukt.

Balansetal pr 31.12.15 er brukt på tinginnskot/kapitalinnskot. Fleire kommunar har i 2016 investert til nytt utstyr som også skal overførast til selskapet ved etableringa. I tillegg har kommunane 4 år på seg til å oppfylle andre offentlegrettslege krav.

Tinginnskot/kapitalinnskot påverkar ikkje kommunen sin eigardel i selskapet eller storleiken på driftstilskotet frå kommunen, men viser kva verdiar kommunen har gått inn i selskapet

med, i tillegg til innskoten selskapskapital. Samla for alle kommunane vil tinginnskot/kapitalinnskot inngå i selskapet sin opningsbalanse.

Rådmannen viser til saksutgreiinga og presiseringa om at det må inngåast ein eigen avtale med vertskommunen for hovudbrannstasjonen, når lokaliseringa av denne er bestemt. Hovudbrannstasjonen dekker fellesfunksjonar for alle kommunane og vedtekne beredskapsbehov som ligg til grunn for brannstasjonsstrukturen for kommunane på Ytre Haugalandet. Det er difor rimeleg at også tomtekostnadane for ny hovudbrannstasjon inngår i grunnlaget vertskommunen får dekning for og at hovudbrannstasjonen såleis vert behandla annleis enn brannstasjonane i kommunane.

Rådmannen går ikkje nærare inn på dei andre føreslåtte endringane av selskapsavtalen i vurderinga, men viser her til saksutgreiinga.

Framdriftsplanen legg opp til at selskapet skal vera etablert innan 01.10.2017, i tråd med mandatet rådmennene fekk for arbeidet. Det er eit stramt tidsløp og styringsgruppa legg difor opp til aktivitetar for selskapsetableringa parallelt med at selskapsavtalen er til endeleg godkjenning i kommunane. Det er styret si oppgåve å tilsetje dagleg leiar og det er viktig at styret kjem i gang med rekrutteringsprosessen så tidleg som mogleg. Styringsgruppa legg opp til å oppnemna valkomité parallelt med behandlinga av selskapsavtalen i kommunane, slik at denne kan starte arbeidet med å finna kandidatar til styret og representantskapet kan velja styre straks etter at selskapsavtalen er godkjent i kommunane.

Saksutgreiinga har også lista opp aktivitetar som styret og dagleg leiar må gjennomføra så snart som mogleg for å få eit operativt og velfungerande selskap. Desse er lista opp for å gje eit bilete av kva som må på plass og der styret og dagleg leiar bør lage ein tidsplan for gjennomføringa av dette arbeidet. Omstillingsstrategien prosjektgruppa utarbeidde som ein del av sluttrapporten, og som er godkjent av tillitsvalte, er også eit sentralt dokument i dette arbeidet. Det er selskapet som har ansvaret for gjennomføringa og opplistinga er her berre tatt med som ein saksopplysning.

Det er eigarane sitt ansvar å utarbeide og vedta eigarstrategi for selskapet. Styringsgruppa har bestemt å starta opp dette arbeidet. Dette er også eit arbeid som kan gå parallelt med etableringa av selskapet i løpet av 1. halvår 2017. Eigarstrategien er eit sentralt dokument i tillegg til selskapsavtalen, der eigarane sine forventningar til og samspelet med selskapet skal skildrast. Vurderinga er at arbeidet med eigarstrategien med fordel kan gjennomførast tidleg. Ein ferdig utarbeidd eigarstrategi vil kunna lette etableringa av selskapet i ein krevjande oppstartsperiode og kan vera til hjelp både for styret og dagleg leiar.

SELSKAPSAVTALE FOR HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS.

KAPITTEL 1. ALMINNELIGE BESTEMMELSER

§ 1-1 Navn og deltakere

Selskapets navn er Haugaland brann og redning IKS (HBR IKS)

Bokn kommune, Etne kommune, Haugesund kommune, Karmøy kommune, Suldal kommune, Sveio kommune, Tysvær kommune, Utsira kommune og Vindafjord kommune er deltakere i selskapet. Disse kommunene har tildelt oppgaver som fremgår av selskapsavtalen som egenregiopdrag til selskapet.

§ 1-2 Hovedkontor

Selskapets hovedkontor skal lokaliseres til ny hovedbrannstasjon. Inntil denne er oppført blir selskapets forretningsadresse Haugesund kommune.

§ 1-3 Formål

Selskapets formål er å dekke alle kommunenes plikter, oppgaver og behov i henhold til brann- og eksplosjonsvernlovens krav til kommunene, herunder:

- ulykke- og katastrofesituasjoner som brann, redning, drukning og akutt forurensing, nødalarmtjenester 110
- feiing og tilsyn med fyringsanlegg
- arbeide med forebyggende tiltak mot brann og ulykker
Arrangere møteplass for nettverksbygging og inspirasjon for etablerere.

INFRASTRUKTUR

STRATEGI: Styrke samferdselssystemene i og rundt regionen

TILTAK: E-39 Bokn til Stord

Sikre optimal trase for vekst og utvikling i ytre deler av regionen gjennom formelt samarbeid

TILTAK: Havner

Økt aktivitet og utvikling i offentlige eide trafikkhavner

TILTAK: Rv 13

Styrke prioritering av rassikring i Suldal.

TILTAK: Næringsarealguiden

Sikre videreutvikle og markedsføring av næringsarealguiden

KOMPETANSE

STRATEGI: Utvikling av høgskoletilbudet og FoU

TILTAK: Høyere utdanningstilbud

Flere bachelor-, master- og doktorgradsstudier, etter- og videreutdanningstilbud, samt nettbaserte og desentraliserte høgskolestudier i Haugesundregionen. Herunder Utdanning i Ryfylke.

TILTAK: FoU i regionen

Styrke forsknings- og utviklingsarbeid, særlig knyttet til viktige næringsklynger og fagmiljøer i regionen.

STRATEGI: Aksjon Fagfolk

TILTAK: Fagutdanning

Flere med fagbrev

Styrke rådgivning innen fagutdanningen

Praksiskandidater får fagbrev gjennom formalisering av fagkunnskap

Styrke praksisdelen av yrkesfaglig videregående utdanning

TILTAK: Kommunale lærlinger og praksisplasser

Flere lærlinger i kommunal sektor og flere

praksisplasser, herunder for fremmedspråklige.

VEDLEGG 3: TILTAKSBANK 2017-2020

Gjelder tiltak som regnes som viktige, men som ikke er prioritert i "Prosjekter" eller "Pågående aktivitet"

NÆRINGSVENNLIG REGION

STRATEGI: Samhandling for mer effektive kommunale tjenester

TILTAK: Nye områder for interkommunale samarbeidsområder

Utrede mulige nye områder for interkommunalt samarbeid

TILTAK: Planforum Haugalandet

Etablere kommunalt nettverk for planarbeid i regionen.

PROFILERING

STRATEGI: Attraktive etableringer og investeringer

TILTAK: Tettsteder i nettverk

Etablere et samarbeid i regionen mellom flere tettsteder og bygder som ønsker å få til økt attraktivitet, gjennom nettverk som gir kunnskap, motivasjon og erfaringsoverføring. Samarbeid med Rogaland fylkeskommune o.a.

TILTAK: Ungdomsting

Etablere av Ungdomsting og årlig konferanse med fokus regionalutvikling.

TILTAK: Flerkulturelt fokus

Etablere en flerkulturell møteplass for samhandling og integrering

INFRASTRUKTUR

STRATEGI: Styrke samferdselssystemene i og rundt regionen

TILTAK: Regional plan for areal og transport på Haugalandet

Styring av Areal- og transportplan gjennom et eget samarbeidsorgan. Ref. ATP punkt 4.1.1.

TILTAK: Kollektivtransport

Standardisering av billettsystem for kollektivtransport.

STRATEGI: Attraktive næringsarealer

TILTAK: Næringsarealer i by- og tettsteder

Tilrettelegge sentrumsnære næringsareal i tråd med ATP

TILTAK: Interkommunalt eiendomsselskap for næringsarealer

Etablere interkommunalt eiendomsselskap med utgangspunkt i Haugaland Næringspark. Utrede interregional strategi for næringsareal.

TILTAK: Regional handelsanalyse⁵

Utvikle en regional handelsanalyse som verktøy for å sikre en positiv og balansert sentrumsutvikling i regionen.

⁵ Kilde: Areal og transportplan for Haugalandet, pkt 4.2.3

KOMPETANSE

STRATEGI: Fra kompetanse på avveier til nye veier

TILTAK: Utdanning for arbeidssøkere
Samarbeide for etablering av ekstraordinære utdanningstilbud for arbeidssøkere.

TILTAK: Utdanning for fremmedspråklige
Etablere et regionalt samarbeid for språk-opplæring for fremmedspråklige som gir grunnlag for videre utdanning og jobb.

STRATEGI: Ung bonde

TILTAK: Kompetanse gjennom nettverk
Styrke rekrutteringen til landbruket
Etablere nettverk for å styrke kompetansen for yngre bønder som vil overta/kjøpe gård. Tilføre kunnskap, nettverk for læring, motivasjon og samarbeid gjennom bygdeutvikling.

NÆRINGSKLYNGER

STRATEGI: Finansiering av nyskaping og regionale utviklingsprosjekter

TILTAK: Opplevelsesnæringen
Med grunnlag i Fjord Motorpark og/eller Vikingland vil det bli etablert et samarbeid for utvikling av «Opplevelsesnæring» som en større næringsklynge.

FINANSIERING

STRATEGI: Finansiering av nyskaping og regionale utviklingsprosjekter

TILTAK: Fond for oppstartselskaper
Utrede mulighet for etablering av et fond som sikrer tilgang til kapital for oppstarts- og vekstbedrifter i en fase der annen risikokapital er vanskelig tilgjengelig.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.03.2017	010/17	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-065	Arkivsaknr
	Objekt:	17/142

Kontrollutvalet si årsmelding 2016

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	08.02.2017	Toril Haugaland Kontrollutvalgssekreteriat IKSHallsjø	Innkalling/sakspapirer - Bokn kontrollutval 15.02.17 kl.17.00
2	I	17.02.2017	Hallsjø, Toril IKS	Protokoll - Bokn kontrollutvalg 15.02.17
3	I	17.02.2017	Hallsjø, Toril IKS	Kontrollutvalet si årsmelding 2016 - kommunestyresak
4	I	17.02.2017	Hallsjø, Toril IKS	Tilbakemelding - brev til kontrollutvalet

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding til orientering

Kva saka gjeld:

Årsmelding frå Bokn kontrollutval for 2016, sjå vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Saksutgreiing:

Vurdering:

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.02.17	3/17
Kommunestyret	07.03.17	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2016

Vedlegg: Utkast til årsmelding for 2016

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2016 følger vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2016 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval godkjenner årsmelding for 2016 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

OG INNSTILLING:

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2016 til orientering.

Aksdal, 08.02.17

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

BOKN KOMMUNE

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING

2016



KONTROLLUTVALET
BOKN KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2016.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "**kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Kommunestyret sjølv vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmer veljast mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

For perioden 2015 - 2019 valde kommunestyret hausten 2015 følgjande medlemmer:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	Lars Øyvind Alvestad (Ap)	Zuzanna Ufnal (Ap)
Nestleiar	Jørn Hansen (H, no uavhengig)	Tom-Inge Akسدal (H)
Medlem	May Jorunn Vatnaland (Sp)	Johannes Nilssen (Sp)

Jørn Hansen er utvalet sin kommunestyrerepresentant.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han møtt i tre møte i 2016. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har sjølv møtt ein gong, medan dei to kommunalsjefane har møtt to gonger og seksjonssjef teknisk ein gong.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2016

Kontrollutvalet har hatt 4 (4) møte fordelt på to møte om våren og to møte om hausten. Utvalet har helde møta i møterom i 1. etasje på Boknatun. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse med unnatak av når det er heimel i lov om å lukke.

Utvalet har hatt **25** (26) saker til handsaming der 5 (6) av sakene er vidaresendt til kommunestyret. 48 (44) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Nestleiar deltok på Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) på Gardermoen i februar. Ingen deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni eller dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes i desember.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

Kontrollutvalet har oppgaver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen for 2015 i møtet 25.05.16. Totalt sett blei rekneskapen for 2015 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 152.445. Kontrollutvalet kom med følgjande merknad:

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit negativt brutto driftsresultat med 2,5 mill. kr. Netto driftsresultatet utgjer 0 % av driftsinntektene, som er under resultatet i fjor, og under Teknisk Berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Eit negativt driftsresultat er ikkje berekraftig over tid og den økonomiske situasjonen for kommunen må vurderast nøye i tida framover.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Bokn kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 15.11.16, sak 59/16. I planen var det tatt inn fem prioriterte prosjekt og elleve uprioriterte prosjekt.

Utvalet bestilte forvaltningsrevisjonsprosjekt september 2015 om temaet «Post-/arkivhandtering – Bokn kommune». Ramma vart sett til 70 timar. Rapporten blei lagt fram for utvalet, administrasjon og ordførar i møtet i februar og kommunestyret i mars. Rapporten gav mange tilrådingar. Det blei gjort framlegg om at rådmannen fekk eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

Rådmannen kom med tilbakemelding om oppfølging av rapporten i septembermøtet. Prosjekt innan plan, byggesak og eigedom blei valt i haust som fyrste prosjekt etter ny plan. Prosjektmandat og rapport vil komme i løpet av 2017.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 15.11.16, sak 58/16 på bakgrunn av ei overordna analyse.

I 2014 vedtok eigarkommunane å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS. Rapport var ferdig i mars 2015. Deloitte såg etter om selskapa hadde etablert system og rutinar for å sikre at selskapa vert drive i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Det blei avdekka nokre få forbedringspunktar, og det blei sett ein frist på 12 månader for tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane. Utvalet fekk tilbakemelding om oppfølginga av selskapskontrollen i junimøtet.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Deloitte AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er partner Else Holst-Larsen. Ho har kontor i Haugesund og har møtt tre gonger. Forvaltningsrevisor har kontor i Bergen. Dei har også møtt to gonger i løpet av 2016.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2015 ny anbodskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si innstilling om å fortsette med Deloitte som kommunen sin revisor i møte 15.12.15, sak 82/15. Noverande avtale gjeld for fire år frå 01.07.16 med opsjon til å forlengje avtalen med 2 år.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orienteringar frå rådmannen og kommunalsjefane om sine arbeids- og ansvarsområde og svara på spørsmål i aktuelle saker.

Utvalet er og blitt orientert om tilsyn innan samfunnstryggleik og beredskap, skatterekneskap og vedtekne økonomiske rammer, halvårsrapportar og KOSTRA-tall i løpet av året.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

	REGNSKAP 2015	BUDSJETT 2016	REGNSKAP 2016
Godtgjersle, kurs, m.m	1.2817	16.500	24.558
Revisjonstenester	176.989	165.000	178.348
Sekretariatstenester	100.000	100 000	104.000
Sum utgifter eks. mva	289.806	281.500	307.126

Kontrollutvalet handsama på hausten framlegg til budsjett for 2017. Totalt var framlegg til budsjett på kr 342.000. Av dette er kr 109.000 sett av til sekretariatstenester, kr 180.000 til revisjonstenester og kr 53.000 til utvalet. Det er då lagd inn kjøp av ca. 70 timer til forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.

4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS kom i drift frå 2005. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette.

Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2016 fått nytt styret og oppdatert overordna strategiplan. Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.


Frå Bokn kommune er Daghild G. Alvestad valt til representantskapet i IKSet med Lillian Grønnestad som varamedlem. Ingen av dei møtte på det konstituerande møtet 25.04.16, kor Alvestad ble valt som nestleiar.

5. OPPSUMMERING

Året har vore prega av å få på plass nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll dei neste fire åra 2016-2020. Planane, basert på overordna analyser, blei vedteken av kommunestyret i november etter innstilling frå utvalet.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt om post-/arkivhandtering blei lagt fram i 2016. Oppfølging av rapport blei lagt fram på hausten. Utvalet har også handsama oppfølging av rapport innan selskapskontroll. Administrasjonen har i løpet av året gjort greie for sine arbeids- og ansvarsområde slik utvalet har bede om.

Bokn, 15.02.17


Lars Øyvind Alvestad
leiar


Jørn Hansen
nestleiar


May Jorunn Vatnaland
medlem

OVERSYN OVER SAKER – BOKN KONTROLLUTVAL 2016**Saker til behandling:**

- 1/16 Godkjenning av protokoll frå møte 26.11.15
- 2/16 Forvaltningsrevisjonsrapport « Post-/arkivhandtering – Bokn kommune»
- 3/16 Innspel til ny plan for forvaltningsrevisjon 2016-2010
- 4/16 Plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane
- 5/16 Årsmelding for 2015 frå kontrollutvalet
- 6/16 Referat- og orienteringssaker 10.02.16

- 7/16 Godkjenning av protokoll frå møte 10.02.16
- 8/16 Orientering frå administrasjonen - sentraladministrasjonen
- 9/16 Årsrekneskapen 2015 – kontrollutvalet sin uttale
- 10/16 Referat – og orienteringssaker 25.05.16

- 11/16 Godkjenning av protokoll frå møte 25.05.16
- 12/16 Orientering frå administrasjonen – tekniske tenester
- 13/16 Oppfølging av rapport – forvaltningsrevisjon av post/arkivrutinar
- 14/16 Oppfølging av selskapskontroll – Haugaland Kraft AS
- 15/16 Revisor si eigenerklæring 2016
- 16/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
- 17/16 Plan for selskapskontroll 2016- 2020
- 18/16 Framlegg til budsjett 2017 – kontroll og tilsyn
- 19/16 Referat – og orienteringssaker 14.09.16

- 20/16 Godkjenning av protokoll frå møte 14.09.16
- 21/16 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef tenester
- 22/16 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2016
- 23/16 Val av nytt prosjekt – tinging av prosjektmandat
- 24/16 Møteplan for 2017
- 25/16 Referat – og orienteringssaker 16.11.16

Referat- og orienteringssaker 2016 til Bokn kontrollutval

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Årshjul – kontrollutvalet sine oppgåver
3. Tjeneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2015
4. K-styrevedtak 15.12.15, sak 66/15 – Val av revisor 2016-2020
5. Evaluering og val av leverandør – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
6. Val av representantar til HKS IKS
7. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
8. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetalene for den enkelte kommune
9. Årsrapport og skatterekneskap 2014 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
10. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2016
11. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes -munnleg
12. Rapport frå NKRF-konferansen - munnleg
13. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organer
14. Referat frå møte i Kommunesektorens etikkutvalg 23.11.15
15. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15

16. Statusrapport pr. mai 2016
17. K-styremøte 08.03.16 – orientering om utvalet sine oppgaver v/sekretariatsleiar
18. K-styrevedtak 08.03.16, sak 4/16 – Kontrollutvalet si årsmelding 2015
19. K-styrevedtak 08.03.16, sak 5/16 –Forvaltningsrevisjonsrapport - Post/arkivhandtering
20. Signert avtale – revisjonstenester 2016-2020
21. Kontrollrapport 2015 fra Skatteetaten
22. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
23. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
24. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
25. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
26. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
27. Representantskapsmøte 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
28. Kommunelovutvalget har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt
29. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov – frist
30. FKT-konferansen 7.-8.06.16 - 8 stk. frå 7 kommunar, pluss rådgjevar
31. Statusrapport pr. august 2016

32. Budsjettkontroll 2. kvartal 2016 – sak 60/16 til formannskap 30.08.16
33. Protokoll - generalforsamling 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
34. Protokoll - hamnerådsmøte 09.06.16 – Karmsund Havn IKS
35. Protokoll - 30.06.16 via e-post – Karmsund Havn IKS – sak 5/16 om godtgjersle
36. KS Bedrift – unntaksvis bruk av telefonmøte i interkommunale selskap
37. Brev av 12.09.16 om feil i generalforsamlingsprotokollen til Haugaland Kraft AS

38. Statusrapport pr. november 2016
39. Samarbeidsavtale om tenester mellom Bokn og Karmøy, iverksett frå 01.01.17.
40. Kommunestyrevedtak 15.11.16, sak 57/16 – Plan for selskapskontroll 2016- 2020
41. Kommunestyrevedtak 15.11.16, sak 58/16 – Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
42. Kommunestyrevedtak 15.11.16, sak 59/16 - Oppfølging av rapport – post/arkivrutiner
43. Invitasjon – Haustkonferansen 2016 – Forum for kontroll og tilsyn – Sandnes 17.11.16
44. Innkalling- repr.skapsmøte 01.12.16 – HIM IKS
45. Kommunal Rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
46. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon – 10 kommunar på Haugalandet
47. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttale til NOU: 4 Ny kommunelov
48. Deltaking/påmelding - NKRF sin Kontrollutvalskonferanse Gardermoen 01.– 02.02.17

BOKN KONTROLLUTVAL

SÆRUTSKRIFT

Onsdag 15. februar 2017 blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiding av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 18.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap), Jørn Hansen (Uavh.) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS, Haugesund
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Tormod Vågå (Sp), rådmann Jan Erik Nygaard og seksjonssjef teknisk Kåre Bua. To publikummar i sak 2/17.
MERKNADER TIL INNKALLING:	Saksdokumenta var ikkje lagt på kommunen sine nettsider.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Utvalet var samd i å ta Skatteetaten sin kontrollrapport inn i sak 5/17 som pkt. 10.

FØLGJANDE SAK BLEI HANDSAMA:

SAK 4/17 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2016 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2016 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.17:

Utkastet blei gjennomgått og utvalet hadde ingen merknader.

Til utvalet sine kommentarar til årsrekneskapet i fjor om eit negativt driftsresultat, kunne rådmannen opplyse at det i dag var sendt inn til SSB eit driftsresultat for 2016 som var langt

betre enn i 2015. Tala var ikkje revisorgodkjente, men det låg an til overskot på fleire millionar. Slik som for dei andre kommunane på Haugalandet skyldast det god skatteinngang andre deler av landet og den låge rentesatsen. Utvalet uttrykte glede for nyheita.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.17:

Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2016.

Samrøystes innstilling til kommunestyret 15.02.17:

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2016 til orientering.

Rett utskrift:

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.03.2017	011/17	JEN

Saksansv.: Solrunn Alvestad	Arkiv: K1-033	Arkivsaknr
	Objekt:	17/191

Administrasjonsutval - samansetning og reglement.

Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommuneloven § 25.1
Hovudavtalen

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtar reglement for Administrasjonsutvalet i Bokn kommune.

Kva saka gjeld:

REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVAL I BOKN KOMMUNE

Virkeområde

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt partssamansette utval for behandling av saka som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette i h.h.t. kommuneloven § 25 nr.1 og hovudavtalen.

Val og samansetning

Administrasjonsutvalet er satt saman slik

Frå kommunen: Formannskapet (7 medlemmer)

Frå dei tilsette: 2 representantar utpeikt av frå arbeidstakarorganisasjonane

Rådmannen har møte og talerett i utvalet, personleg eller ved ein av sine underordna.

Oppgåver og mynde

Administrasjonsutvalet har som hovudarbeidsområde å trekke opp linjene for kommunens personalpolitiske tiltak innanfor ramma av kommunens arbeidsgjevarpolitikk, slik den blir fastsett av kommunestyret, herunder tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv. For øvrig er Administrasjonsutvalet sine hovudoppgåver (ikkje uttømande):

- Personalpolitiske retningslinjer
- Lønnspolitiske retningslinjer
- Behandle tvistes spørsmål og praktisering av lokale avtalar, reglement og retningslinjer.
- Uttale ved tilsetting av rådmann.

Når det gjelder den formelle presisering av mynde og ansvar, vises det til det vedtekne delegeringsreglementet.

Møter

Administrasjonsutvalet har møter etter behov. Møta vert lagt til same dato og i forkant av formannskapsmøta. Møtegodtgjersla vert sett til kr. 300,-.

Saksbehandling og innstillingsrett

Saksbehandling i utvalet skal skje i samsvar med reglene i kommunelovens kap. 6.

Rådmannen eller den han/hun gir mynde, har innstillingsrett til administrasjonsutvalet.

Føring av møtebok.

Reglene for føring av møtebok følger reglene for kommunestyret så langt det passer. Til å underskriva møteboka skal det ved møtets begynnelse veljast 1 frå kvar av partane. Møteboka blir deretter godkjend på det komande møtet.

Sekretariat

Rådmannen sørgjer for sekretariat for utvalet.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.03.2017	012/17	KBU

Saksansv.: Kåre Bua	Arkiv: K1-140	Arkivsaknr
	Objekt:	17/190

Endring av kommuneplan - finansiering.

Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Rådmannen får i oppdrag å gjennomføra endringar i kommuneplanen, som er naudsynte for at han skal bli i samsvar med intensjonane i planstrategien vedteken i Bokn kommunestyre i sak 068/16 på møte den 13.12.2016. Vidare skal det gjerast andre endringar som planutvalet finn naudsynt undervegs i arbeidet og som stør opp om intensjonen i planstrategien.
2. Formannskapet skal leia arbeidet som planutval. Utvalsmedlemmene og dei frå administrasjonen som tek del i arbeidet, får ei godtgjersle på kr 300,- for kvart møte der dei er til stades.
3. Rådmannen får fullmakt til å leiga inn prosjektleiar og annan naudsynt konsulentbistand innaføre ei kostnadsramme på kr 500.000,-. Alle kostnader knytt til arbeidet skal liggja i kostnadsramma. Midlane blir løyvde frå disposisjonsfondet.
4. Ein tek sikte på at arbeidet skal bli gjort ferdig før utgangen av 2017.

Kva saka gjeld:

Naudsynt endring av kommuneplanen slik at han blir i samsvar med intensjonane i planstrategi vedteken i Bokn kommunestyre den 13.12. 2016.

Bakgrunn for saka:

Bokn formannskap gjorde på møte den 21.02.2017 slikt vedtak:

Formannskapet ber rådmannen legge fram sak til førstkommende kommunestyre om oppstart av endring av kommuneplanen slik at denne blir i tråd med planstrategien.

Saksutgreiing:

Kva må gjerast

Bokn kommunestyre vedtok i sak 068/16 i kommunestyremøte den 13.12.2017 planstrategi for Bokn kommune 2016 – 2019. I punkt 2 i vedtaket les ein det som fylgjer:

2. Vidare arbeid med kommuneplanen i perioden 2016 – 2019

Det blir ikkje gjennomført hovudrevisjon av gjeldande kommuneplan 2012-2019 i inneverande valperiode 2016-2020. Ein skal likevel gjera endringar i planen, som er naudsynte for at strategiane i dette dokumentet kan bli rettskraftige. Dette gjeld mellom anna geografisk avgrensing av ulike plankrav i sentrumsområda. Det skal arbeidast ut nye retningslinjer for bygging av brygger og naust som er i samsvar med tankane i planstrategien. Økonomiplan og bustadbyggeprogram skal reviderast årleg.

Rådmannen tolkar vedtaket slik at ein ikkje skal gå ut og aktivt be om nye innspel til planen, men gjera endringar i både arealdel og vedtekter som er naudsynte for å kunna gjennomføra planstrategien.

AREALDELEN

I denne samanheng nemner ein at det av punkt 3 i strategivedtaket går fram at næringsområdet sør for Knarhomen må bli tilpassa til tilhøva etter at nye vegliner er fastsette. Vidare går det fram av same punkt at det må bli lagt til rette for at Føresvik sentrum kan bli utvida på Holmen og i sjøen aust og nord for Holmen. For å finna rom for dette, må bustadområda B9, B10 og B13 bli tekne ut av planen. Ut over dette vil det bli gjort endringar som planutvalet finn naudsynt for å nå måla i strategien.

SAMFUNNSDEL OG VEDTEKTER

Det går fram av punkt 2 i strategivedtaket at det skal arbeidast ut nye retningslinjer for bygging av brygger og naust. Ut over dette må og andre deler av vedtektene, som er til hinder for gjennomføring av strategien, bli endra.

Rådmannen ser det elles slik at gjeldande kommuneplanvedtekter kan verka unødige detaljerte og blir til tider styrande ut over det som er til nytte. Samstundes er vedtektene svært omfattande og kan vera vanskelege å finna fram i. Rådmannen meiner at vedtektene må gjerast slik at dei ikkje set strengare krav en det som fylgjer av lovar og forskrifter. Vedtektene må elles redigerast slik at det blir lettare å finna fram i dei. Det vil bli gjort slike endringar i samfunnsdelen og vedtektene som planutvalet finn naudsynt for å nå måla i strategien.

Kva tid vil arbeidet ta

Sjølv om ein har som mål å avgrensa arbeidet til det som er heilt naudsynt for å tilpassa kommuneplanen til den vedtekne planstrategien, vil det gå med tid til utarbeiding av forslag, drøfting av forslaga, høyringar, godkjeningsprosess og kunngjering. Rådmannen legg opp til at planendringa kan bli vedteken innan utgangen av 2017.

Leiing av arbeidet

Rådmannen rår til at formannskapet fungerer som planutval.

Naudsynt bistand for å kunna gjennomføra planendringane

Rådmannen ser det slik at det må bli leigd inn ein prosjektleiar som styrer det daglege arbeidet og gjer det meste av skrivearbeidet.

Ut over dette må det leigast konsulenthjelp til kartarbeid og anna presentasjonsarbeid.

Kostnad

Rådmannen reknar med at arbeidet kan bli gjort innaføre ei kostnadsramme på kr 500.000,-.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.03.2017	013/17	GRS

Saksansv.: Gro Sørensen	Arkiv: K1-033, K3- &17 Objekt:	Arkivsaknr 17/13
-------------------------	--------------------------------------	---------------------

Meldingssaker til kommunestyremøte 07.03.2017

Dokumentliste:

Nr T Dok.dato Avsender/Mottakar Tittel

Formannskapsmøte 24.01.2017, sak nr. 002/17	Informasjon om oversiktsdokument for Bokn kommune. Formannskapet vedtok: Informasjonen frå samfunns- og utviklingssjef blei tatt til etterretning.
Formannskapsmøte 24.01.2017, sak nr. 003/17	Vasskvaliteten til enkeltbustader. Formannskapet vedtok: orienteringa blei tatt til etterretning.
Formannskapsmøte 24.01.2017, sak nr. 004/17	Vannkoordinator for Haugalandet vannområde. Formannskapet vedtok: Representant til Haugaland vannområdeutval : Sigmund Alvestad Vararepresentant til Haugaland Vannområdeutval : Emilie Eikje Vedtaket var samrøysta.
Formannskapsmøte 24.01.2017, sak nr. 010/17	Læringer i Bokn kommune Formannskapet vedtok: formannskapet stadfester at Bokn kommune til enhver tid skal ha minst en lærling ansatt. I hvilket fag læringer tas inn vurderes fortløpende etter behov og mulighet. Utgiftene til læringer dekkes av de ordinære budsjetta for den respektive avdeling. Fellesforslaget frå SP, H, KRF vart vedtatt med 6 mot 1 stemme (AP)
Formannskapsmøte 24.01.2017, sak nr. 011/17	Opprettelse av omstillingsutval i Bokn kommune.

	<p>Formannskapet vedtok samrøystes:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bokn formannskap vedtek at omstillingsutvalet skal ha fylgjande samansetting: <ol style="list-style-type: none"> a. 4 politikarar b. 3 representantar frå arbeidstakarorganisasjonane c. Representantar frå kommunens leiargruppe oppnemnt av Rådmannen d. Sekretær for utvalet stilles til disposisjon av sentraladministrasjonen 2. Omstillingsutvalet fungerer som styringsgruppe for arbeidet. Vidare vert det sett ned arbeidsgrupper etter behov for konkrete utgreiingsoppgåver. <p>Videre vedtok formannskapet følgjande forslag frå SP om representantar frå politikere; ordførar og varaordførar, Sigmund Alvestad (repr. Eldreråd), Jørgen Thuestad (Forvaltningsstyret.)</p>
Formannskapsmøte 24.01.2017, sak nr. 012/17	<p>Søknad om støtte til oppgradering av nærmiljøanlegget på Fyren. Formannskapet vedtok: Formannskapet viser til vedlagte fellessøknad frå Speidaren, Sanitetsforeningen og Røde kors og vedtek å løyve kr. 50.000,- til dekning av tilknytingsutgifter i forbindelse med oppgradering av nærmiljøanlegget på Fyren.</p> <p>Kostnadene dekkes ved bruk av avsette tilleggsløyvingar.</p>
Formannskapsmøte 21.02.2017, sak nr. 014/17	<p>Orienteringssak – læringsmiljø Formannskapet tok informasjonen til etterretning.</p>
Formannskapsmøte 21.02.2017, sak nr. 015/17	<p>Resultater Skolebidragsindikator. Formannskapet tok informasjonen til orientering.</p>
Formannskapsmøte 21.02.2017, sak nr. 017/17	<p>Utplassering av infoskjerm på Coop Bokn Formannskapet vedtok: innkjøp av infoskjerm inkl. programvare til Coop Bokn på kr. 12.000,-. Beløpet vert dekket av reservert løyving.</p>
Protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.02.2017	Sjå vedlagt protokoll frå møte 15.02.2017

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingssakene blir tatt til orientering.

Bokn kommune
Postmottak (via e-post)

5561 BOKN

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
		17/080/033/tha	17.02.17

PROTOKOLL – KONTROLLUTVALET 15. FEBRUAR 2017

Vedlagt følger protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 15.02.17.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av utvalsleiar og vil bli lagt fram for utvalet til endeleg godkjenning i neste møte den 22. mai.

Eg ber om at protokollen vert sendt ut blant saksdokumenta til neste kommunestyremøte, slik at medlemmer, varamedlem, administrasjon og presse vert orientert.

I følgje vedtatt møteplan er det neste kommunestyremøtet den **7. mars**.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt med utvalssekretær på tlf. 95 98 69 79 eller e-post: tha@kontrollutvalgene.no .

Med helsing

Toril Hallsjø (sign)
Dagleg leiar

Vedlegg: Protokoll – kontrollutvalet 15.02.17

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 15. februar 2017 blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leing av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 18.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap), Jørn Hansen (Uavh.) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS, Haugesund
ANDRE SOM MØTTE:	Ordfører Tormod Vågå (Sp), rådmann Jan Erik Nygaard og seksjonssjef teknisk Kåre Bua. To publikummar i sak 2/17.
MERKNADER TIL INNKALLING:	Saksdokumenta var ikkje lagt på kommunen sine nettsider.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Utvalet var samd i å ta Skatteetaten sin kontrollrapport inn i sak 5/17 som pkt. 10.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.11.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.11.16 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.17:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.17:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/17 BREV TIL UTVALET OM BOKN ARENA OG BOKN ARENA EVENT

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar utgreiinga frå rådmannen og ordførar om Bokn Arena og Bokn Event Arena til orientering, og finn ikkje grunn til nokon vidare oppfølging.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.17:

Utvalsleiar innleia. Ordførar gjorde greie for organisasjonsform (ideell, som ein kvar anna frivillig lag/foreining og open for alle som bor i eller har nær tilknytning til Bokn), bakgrunn for opprettinga (ønskje om aktivitet og mangel på initiativ) og talet på medlem pr. i dag (6).

Utvalet hadde spørsmål rundt habilitetsproblematikk i forhold til kommunen sine etiske retningslinjer, om å gjere vedtektene betre kjent og forvaltninga av overskot/inntente midlar. Ordførar svara at han alltid hadde «ordførarhatten» med seg, og overskot er tenkt å bli verande i bygget. Store arrangement krev garantiansvar, og det vil fyrst vere aktuelt å bygge opp ein buffer, men også aktuelt å gjere innkjøp av kjøkken- og idrettsutstyr. Alt arbeid er basert på dugnad og årsmøtet er foreininga sitt høgste organ. Årsmøtet vert halden i april.

Rådmannen meinte dette ikkje var ein kommunal sak. Namnet til foreininga kunne rett nok bli oppfatta som eit kommunalt selskap, men dei vil bli likestilt med andre lag og foreiningar som vil leige hallen. Vanlege habilitetsregler vil tre inn der det vil bli aktuelt. Dersom fleire lag har ønskje om arrangement på same dato må dette kunne finne si løysing.

Utvalet rosa ordførar og varaordførar for initiativ og innsats, og utvalsleiar takka for utgreiingane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.17:

Bokn kontrollutval tar utgreiinga frå rådmannen og ordførar om Bokn Arena og Bokn Event Arena til orientering, og finn ikkje grunn til nokon vidare oppfølging.

SAK 3/17 PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «PLAN, BYGGESAK OG EIGEDOM»

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Plan, byggesak og eigedom i

Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:

Ramma vert sett til 76 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.17:

Sekretær viste til drøftinga og bestillinga av prosjektplan i novembermøtet. Rådmannen gjorde merksam på at avtalen med Karmøy kommune om kjøp av tenester for byggesakshandsaminga vil gjelde frå 01.07.17. Iverksetjinga er blitt utsett eit halvt år i påvente av regjeringa si kommunestruktursak og kva kommunar som vil bli tvangssamanslått.

Frå 01.10.17 vil brannvesenet bli interkommunalt, og frå 01.01.18 vil alt innan kart bli ivaretatt også av Karmøy. Eigedomsforvaltninga, der kommunen er eigar, og den teknisk drifta vil bli verande og underlagt rådmannen. Han meinte difor at prosjektet ikkje ville vere særleg relevant eller kunne vere med å bidra til å gjere kommunen betre.

Ordføraren støtta nå rådmannen sitt syn. Seksjonssjef teknisk gav ei utgreiing om kvifor Karmøy kommune var valt, på bakgrunn av deira gode system og kapasitet.

Utvalet drøfta om dei skulle gå for prosjektet, utsetje det eller be om ny prosjektplan for eit anna prosjekt blant dei fem på prioriteringslista. Nr. 2 var rusomsorg og nr 3. skulemiljø og mobbing. Det siste prosjektet blei det nå jobba med i kommunen..

Utvalet viste til at valt prosjekt ikkje hadde fått prioritert nr. 1 utan grunn, og at det kunne ha nytte å få ein rapport om stoda no, for å kunne samanlikne seinare. Utvalet ønskte då at prosjektet kom raskt i gang, og at rapport blei klar til møtet 6. september.

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr blei kontakta pr. mobil og ho meinte dei skulle prøve å innfri utvalet sine ønskje for tidlegare gjennomføring og levering. Statusrapport vil bli lagt fram i maimøtet.

Utvalet blei samd om å halde fast ved valt prosjekt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.17:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den endring:

- rapporten må vere klår til utgangen av august 2017.

Ramma vert sett til 76 timar.

SAK 4/17 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2016 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2016 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.17:

Utkastet blei gjennomgått og utvalet hadde ingen merknader.

Til utvalet sine kommentarar til årsrekneskapet i fjor om eit negativt driftsresultat, kunne rådmannen opplyse at det i dag var sendt inn til SSB eit driftsresultat for 2016 som var langt betre enn i 2015. Tala var ikkje revisorgodkjente, men det låg an til overskot på fleire millionar. Slik som for dei andre kommunane på Haugalandet skyldast det god skatteinngang andre deler av landet og den låge rentesatsen. Utvalet uttrykte glede for nyheita.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.17:

Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2016.

Møte nr. 1/17

Samrøystes innstilling til kommunestyret 15.02.17:

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2016 til orientering.

SAK 5/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.02.17

1. Statusrapport pr. februar 2017
2. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2016 og budsjett 2017
3. Årsrapport og skatterekneskap 2016 - skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
4. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2017
5. Rapport/evaluering frå Kontrollutvalgskonferansen 01.-02.02.17 på Gardermoen
6. Protokoll frå representantskapsmøte Haugaland Vekst IKS 16.12.16
7. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 01.12.16
8. «Travle kontrollutvalg» – Kommunal rapport 26.01.17
9. Nye maler for normalberetninger 2016 – Informasjonsskriv 8/2016 fra NKRF
10. Skatteetaten – kontrollrapport 2016 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen -Bokn kommune

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.17:

Sekretær gjorde greie referatsakene. Skatteetaten hadde ingen merknader til skatte- og avgiftsinnkrevjinga. Vidare blir arbeidsgivarkontrollen utført i samsvar med gjeldande regelverk og i tilstrekkeleg omfang.

Medlemmane fortalde frå konferansen. Dei hadde fått snakka med andre utval, fått innsikt i tema som nedkjemping av sosial dumping og arbeidskriminalitet, ei varslings sak frå Tromsø og korrupsjons saka i Drammen kommune.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.17:

Referatsakene 1- 10 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Ingen saker meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **22. mai** kl. 17.00. Årsrekneskap og revisor si revisjonsmelding vil bli lagt fram. Uttalen vil gå vidare til formannskapet og kommunestyret i juni.

Bokn, 15. februar 2017

Lars Øyvind Alvestad
Utvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)